



Sigurd Utne ønsker å dele frå 3 bustadtomter bak Trelastlageret i Beinavikjo og søkte tidlegare i år om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse og dispensasjon frå byggegrensen.

No har Statens vegvesen ved Per Steinar Nedkvitne spurt kommunen om den ikkje krev reguleringsplan. Han viser til at det tidlegare er sagt at det skal utarbeidast ein slik plan for dette området.

Nedkvitne opplyser også at dei ikkje kan gje dispensasjon frå byggegrensa til fylkesvegen utan at det føreligg ein meir detaljert plan for tiltaka i området.

Det er søkt om byggegrense på 15 meter, men slike grenser skal avklarast i reguleringsssamanheng, påpeikar Nedkvitne.

Av Ola Matti Mathisen